

Årsmelding for Hardanger Spelemannslag 2013

Styret og valde representantar

Anne-Marie Øydvin - leiar
Øystein Velure – nestleiar
Kari-Margrethe Røystrand – kasserar
Aurora Aarhus Opheim –skrivar
Arne Jordan – styremedlem
Knut Hamre – 1. varamann
Alexander Aga Røystrand – 2. varamann
Ole Gjerde – 3. varamann

Birgit Eiken – revisor
Anita S. Bråvoll –revisor

Styret for Anders Kjerlands minnefond

Arne Jordan med Øystein Velure som varamann

Representant til Rådet for Hordaland Folkemusikklag

Leiar i laget. Fast varamann er ikkje utpeika.

Representant til Hardanger Folkemusikksamling

Oddmund Teigland. Fast varamann er ikkje utpeika.

Utsending til årsmøte i FolkOrg og Hordaland Folkemusikklag

Arne Jordan representerte laget på årsmøte i FolkOrg, 26.-28.april på Hamar
Laget var ikkje representert på årsmøtet i Hordaland Folkemusikklag

Styremøte

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte.
Ut over dette har det vore jamleg kontakt mellom styremedlemane på e-post og telefon

Representasjon

- Landskappleiken til Hardanger - drøftingar med Kvemmingen: Arne Jordan og Anne-Marie Øydvin
- Hardingfelesenteret: Ann Kristin (Tina) Kjerland
- her må det veljast ein ny representant då Tina ikkje ynskjer å ha dette vervet lenger

Medlemstal

Laget har i 2013 hatt 82 betalende medlemmar mot 84 i 2012

Alle som er med i Juniorlaget skal no vera registrete som medlemmar, og pr. dato fordelar dei 84 medlemmane seg slik: 11 ungdomar (t.o.m. 18 år) og 71 vaksne.

Kulturpolitisk arbeid

Hardanger Spelemannslag ynskjer å vera ein sentral kultur aktør i Hardanger, ved å styrka lokale tradisjonar innanfor dans, musikk og song og auka medvitet kring dette. Me ynskjer å synleggjera, og grunngje kvifor arbeidet vårt er viktig, og knyta dette opp til prinsipp som Unesco sin konvensjon om ikkje-materiell kulturarv gjennom aktivt bruk og forvaltning av den arven me har fått.

Oppretting av eit hardingfelesenter der dokumentasjon og formidling av ein levande tradisjon, er eit hovudmoment, vil vera eit prov på at ein har lukkast med noko av dette arbeidet. Eit anna viktig område er å vidareføre dei sterke felemakartradisjonane ein har hatt i Hardanger, og laget har støtta Arne Jordan med kr 25 000 til opplæring og utstyr i faget. Oppstartsfasen er no avslutta og Feleverkstaden på Utne vart opna i 2013. For 2014 er det planlagt 20 dagar (fredagar) med felemakar på verkstaden.

Synleggjering av den kulturarven me forvaltar gjennom bruk er og viktig, og fleire av laget sine unge medlemmar har og utmerka seg på dette feltet i året som gjekk. M.a. fekk Marta Lindvik Audhild Flaktveits minnepris og Folkelokk UB der Eirin Tjoflot og Aurora Aarhus Opheim er to av tre aktørar vart kåra til beste ungdomsverksemd i Noreg i 2013.

Laget sine medlemmar har og "sett Hardanger på kartet" ved fleire andre høve og. M.a. under Landskappleiken på Røros, der seniorlaget gjorde det skarpt ved å ta ein flott 4. plass i lagspel. Fleire av medlemmane gjorde det og svært godt; Benedicte Maurseth vann Open klasse i lag med Stein Urheim, Torkjell Lunde Børsheim tok ein delt 3. plass i laus kl A og Marta Lindvik fylgde opp med ein flott 4.plass i spel hardingfele kl. C. Andre gode plasseringar var: 6. plass til Torkjell Lunde Børsheim/Magni Rosvold i dans hardingfele kl B, 6.plass til Benedicte Maurseth i spel hardingfele kl. B og delt 8. plass til Alexander Aga Røystrand og Frank H. Rollandi spel hardingfele klasse A .

På Landsfestivalen på Løten vann Alexander Aga Røystrand finalespelet i fele/hardingfele senior. Ole Gjerde tok 2. plassen i solo durspel senior, og Amalie Kinsarvik Tvilde enda på ein flott 3. plass i juniorklassen. Hardingane tok og godt for seg både i samspel junior , der Amalie og Ingrid (Standal Sørheim) enda på ein strålande 2. plass og gruppespel senior, der *Hevd* enda på 3. plass med *Polka med støyt* nesten hakk i hæl på ein 5. plass.

Anders Kjerlands minnefond

Det har ikkje vore utdeling frå fondet i 2013

Arbeidsoppgåver i 2013

- Dans, spel og song 2013 vart skipa til i Granvin helga 15.-17.mars 2013 etter tradisjonell "leist".
- Førebuing av deltaking på "Hardanger i hundre" i Oslo konserthus, 22.mars 2014
- Drift av juniorlaget - planlegging av øvingar m.m.
- "senior"- øvingar i samband med deltaking på Landskappleiken og Hardanger i hundre

Vestlandskappleiken 2014

Førebuing av Vestlandskappleiken i Granvin 3.-5.oktober 2014 har og starta og fleire av nøkkelpersonane er alt på plass. Mellom anna har Marit T. Askeland teke på seg å vera leiar for hovudnemnda, Øystein Velure har teke ansvaret for tevlingane, Tina Kjerland har sagt ja til å leia arbeidet i presse og PR nemnda og Frank Rolland og Folkelokk er spurdt om ha ansvar for kulturprogrammet. Men, me treng framleis mykje folk – m.a. nokon som vil ha ansvar for økonomi, servering og overnatting.

Konsertar m.m.

2013

- 15.03. Konsert med Ottar Kåsa i Holvenstovo, Granvin
- 16.03. Dans, spel og song: Konsert på Løo i Granvin
- 29.05. Juniorspelemannslaget deltek på "De unge's festspilldag" i Bergen.
Samarbeid med Kulturskulane i Hardanger
- 30.05. 2013 Harpa (am. Harpe gruppe) i Holvenstova
- 30. august 2013: Konsert med Mark Laurensen/Richard Burgess, Granvin?

2014

- 25.januar- øvingshelg og pub kveld i Granvin
- 8.mars - øvingshelg, konsert og dans på Utne

Juniorlaget

Det har vore faste øvingar etter utarbeid plan- 4 møteplassar Utne, Granvin, Kinsarvik og Ulvik /Hallanger. Årsplan og namnelister er sendt ut til «alle» og opplegget med ansvarlege personar/matnemnder har fungert svært bra.

Landskappleiken til Hardanger

Etter at styret konkluderte med at Hardanger Spelemannslag ikkje hadde kapasitet til å skipa til LK 2014 har det vore kontakt mellom styret og Kvemmingen Spel- og dansarlag om å skipa til landskappleik i 2015 eller 2016, men førebels har ein ikkje konkludert med noko. Sjå vidare under innkomne saker.

Styreweb

– me har so langt ikkje teke systemet i bruk fullt ut, men nyttar oss av medlemsregisteret og dei moglegheitene det gjev ved utsending av informasjon til medlemmane.

Hardingfolk.no

– nettsida til Hardanger Spelemannslag og Facebook kontoen hardingfolk.no vert brukt til å informera om ting som skjer i laget.

Hardanger i hundre

Mykje tid har gått med til å planleggje og øve til dette oppdraget som rett nok ikkje var i 2013, men i 2014, men dei av oss som var i Oslo konserthus laurdag 22.mars 2014 har nok erfart at "øving gjer meister" for i fylgje folk som satt i salen var det ingen andre som fekk slik applaus som det spelemennene - og kvinnene, samt dansarane fekk, og det skal me vera nøgd med.

Styret vil takke medlemmane for svært godt arbeid i året som gjekk og me vonar på at de framleis vil vera med å dra lasset i det nye arbeidsåret.

Ulvik, 26.03.2014

for styret i Hardanger Spelemannslag



Anne-Marie Øydvin
-leiar-